

annonse



To fylkesvegar i Gloppen og Jølster får ny asfalt i 2024

+ Asfalteringslista for Vestland i 2024 er klar. Samstundes blir det jobba langsiktig for å stogge det store vedlikehaldsetterslepet på dekkelegging.

**Aadne Gloppestad**aadne@firdatidend.no

Publisert: 14.03.2024 10:15

Sist oppdatert: 14:16



Dekkeleggingskontraktane i 2024 vart lyste ut 12. februar. Dei er delte inn i tre område: Vestland nord, Bergen og kommunane rundt Bergen, og Voss, Hardanger og Sunnhordland.

Hyevegen

Vestland, opplyser fylkeskommunen i ei pressemelding.

Artikkelen held fram fram under annonsen.

Mellan vegane som får nytt dekke i 2024, finn vi Fv. 615 Hyevegen i Gloppen som skal få 4.340 meter ny asfalt.

I Jølster skal Fv. 5690 Nikolai Astrups veg på sørsida av Jølstravatnet få 6.893 meter nytt dekke.

I Sunnfjord kommune er også Fv 57 Bygstadvegen og Fv. 5682 gang- og sykkelveg Sunde inne på lista. Der kjem det høvesvis 7.070 og 144 meter nytt dekke dette året.

Vil teste fleirårige dekkekontraktar

Fylkeskommunen sitt budsjett til fylkesvegane er på 121,4 millionar kroner, inkl. 25 millionar til dekke. Nytt for 2024 er at 5,2 millionar kroner er øyremerka dekke på gang- og sykkelvegar.

Vestland fylke står overfor store utfordringar med vegvedlikehaldet, med behov for å fornye 311 kilometer vegdekke årleg for å halde oppe dagens standard. Trass innsatsen frå 2020 til 2023, dekte dette berre 68 prosent av behovet. I 2024 vurderer fylket no fleirårige dekkekontraktar for betre planlegging og kostnadsreduksjon.

– Vi tenkjer som ein start å lyse ut eitt av dei tre geografiske områda som ein toårig kontrakt. Då får vi erfaringar med dette, samtidig som vi ikkje bind opp ein for stor del av dekkeleggingsmidlane over fleire år. Vert fleirårig kontrakt vellukka, kan vi lyse ut fleire toårlige kontraktar, seier Arve Helle, leiar hovudutval for samferdsel og mobilitet i pressemeldinga.